



STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNESESØK I SANDNES KOMMUNE 20. FEBRUAR 2001

INNLEIING

Statens utdanningskontor i Rogaland var på kontakt- og tilsynsbesøk i Sandnes kommune 20. februar år 2001. Utdanningskontoret sitt føremål med slike besøk er å fremje dialog og kontakt og å få konkret kunnskap om situasjonen innanfor skolesektoren i kommunen. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97, vart det fokusert på kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering, og særleg på utviklingstiltak knytte til ungdomsseget. Skoleetaten i kommunen planla detaljane i programmet saman med utdanningskontoret og sende inn utfyllande dokument før besøket.

Kommunebesøket starta med ei kort samling i rådhuset, der ordførar Jostein Rovik ønskte velkommen og der vi dessutan møtte kommunaldirektør for tenesteutvikling Kari Bente Daae, opplæringssjef Ingvar Vignes og områdeleiar Ingvar Torsvik.

Første del av besøket var elles lagt til Skeiene ungdomsskole der vi møtte og fekk orientering av rektor Audun Stokka, inspektørane Kari Skauge Brynjulfsen og Trond Niemi, lærar og klassestyrar Jan Erik Jacobsen, FAU-leiar Marthe Fugelli-Gamman og elevrådsformann Erik Tonning-Jensen. Det blei her gitt orienteringar om skolen generelt og om kvalitetsutviklingsarbeid - både metodikk og evaluering og prosessen i arbeidet. Elles vart det fokusert på emna medverknad frå elevar og foreldre, praksisendringar i klasserommet, prosjektarbeid og ny lærarrolle der læraren meir er rettleiar enn tradisjonell lærar.

Andre del av besøket var lagt til rådhuset. Etter lunsj i kantina heldt møtet med kommunen fram, og desse emna vart tekne opp: organisering av kommunen, økonomiske prioriteringar i skolesektoren, skolebruksplan og skolestruktur, om PP-tenesta, tilpassa opplæring og spesialundervisning, og IKT som pedagogisk reiskap i skolen.

Her deltok i tillegg til kommunaldirektør og opplæringssjef, leiar av utval for opplæring og barnehagar Sverre Hetland, leiar av PP-tenesta Liv Kjersti Sandved, kontorsjef Roar Johansen, områdeleiarane Ingvar Torsvik, Eli Gundersen, Albert Moe og Per Inge Wathne, og hovudtillitsvald i Norsk Lærarlag Sandnes, Tor Isene.

Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå, assisterande direktør Sølvi Ona Gjul og rådgivar Audun Gjerde.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i kommunebesøket, innsende dokument og annan kontakt mellom utdanningskontoret og Sandnes kommune.

KVALITETSUTVIKLING OG KVALITETSVURDERING

Utviklingsarbeid

Kommunaldirektøren gjorde greie for at Sandnes kommune er ein vekstcommune med stort press på dei fleste kommunale tenesteområda, men der presset på områda under utval for opplæring og barnehagar er særleg sterkt. (omfattar 30 % av kommunen sine brutto driftsutgifter). Det blei framheva at kommunen har ein stabil og god lærarstab, at skolebyggprogrammet held tritt med veksten og at ungdomsskolane som lenge hang noko igjen med omsyn til utviklingsarbeid, etter kvart er komne ”i siget”. Det gjekk fram at skolekontoret etter kvart har funne si form og blir opplevd som ei god støtte av rektorane. Ordninga med 4 områdeleiarar blei framheva som ei god ordning i så måte. Lærarlaget sin representant gav honnør til hovudutvalet for si prioritering av skolen, mellom anna ved å prioritere avsetjingar i økonomiplanen til kompetanseheving for lærarane. Opplæringssjefen peikte på at han gjerne skulle hatt ei stilling for oppfølging av skolane med omsyn til forvaltning og saksbehandling m.v.

Det blei framheva at Altona (miljøgruppe for 10-12 elevar) har gode tilhøve og fungerer godt, men at ein elles ikkje har makta å få til eit godt nok tilbod til skoletrøyte elevar.

Kommunen vedgår å ha ei utfordring når det gjeld større elev- og foreldremedverknad.

Kommunen har utarbeidd eit styringsinstrument for kvalitetsutvikling i skolen, ”Strateginotat for opplæringsavdelinga 2000 – 2006”. Dette notatet er utgangspunkt for skolane sine eigne strategiplanar. Utdanningsdirektøren registrerer at alle dei statlege satsingsområda er med, men at dei kanskje er vel generelt utforma.

Rektor ved Skeiene skole orienterte om utviklingstenkinga ved skolen. Det gjekk fram at Skeiene tar imot elevar frå fem ulike barneskolar. Skolen har god erfaring med å blande desse elevane til heilt ”nye” klassar når dei kjem til ungdomsskolen. Lærarane i to klassar på 8. trinn har tatt initiativ til å arbeide etter den såkalla ”Navestad-modellen”. Fire lærarar ordnar alt kring desse klassane – også vikardekninga. I samtale med nokre av elevane fekk vi inntrykk av at dei var nøgde med denne ordninga, særleg med høvet til avspasering.

Organiseringa av desse klassane skjer innafor rammene i lov, forskrift, læreplanar og avtaleverk. Ingen tiltak har karakter av forsøk. Rektor gjorde greie for at utviklingsfilosofien ved skolen er å gi lærarane stimulering og fridom til vekst. Det gjekk fram at fleire av lærarane ved skolen vil ta i bruk nye arbeids- og organiseringsformer. Rektor gjorde også greie for skolen si målsetjing om å utvikle livsdugelege elevar, mellom anna ved å leggje vekt på meistring av sosialt samspele. Ei gruppe lærarar driv sosiale meistringskurs for elevane. Kursa varer i 6 veker, 2 timer pr. veke, og elevane melder seg på etter eige val. Skolen har to barnevernpedagogar som har som særleg oppgåve å arbeide med elevar med særskilte behov. Ressursen til desse stillingane har skolen funne ved å veksle om lærar- og assistentressursar. Skolen opplever å ha stor nytte av barnevernpedagogane. Skolen har også prioritert å setje av ressursar til bibliotekar som dekkjer det meste av tida i mediateket.

Utdanningsdirektøren finn det arbeidet skolen legg ned i sosial meistring, særst i interessant, og vil gjerne ha kopi av eventuelle rapportar om dette.

IKT

Opplæringssjefen orienterte om at infrastrukturen når det gjeld utvikling av IKT som pedagogisk reiskap i skolen, er lagd. Alle skolane er eksternt tilkoppa breiband, internkabling er på plass, struktur for elevnett er lagt, internett og pedagogisk programvare er på plass. Den store utfordringa framover er å byggje opp kompetansen hos lærarane slik at dei i aukande grad kan integrere IKT i det pedagogiske arbeidet. Etter utdanningsdirektøren sitt syn må det også vere rett strategi å arbeide for å få fleire pc'ar plasserte i klasseromma slik at ein ikkje må gå til eigne IKT-rom for til dømes å bruke internett.

Utvalsleiar Sverre Hetland framheva at skolen blir prioritert økonomisk i Sandnes, men han sa seg lei for at budsjettmessige reduksjonar har ført til at det vil ta lengre tid enn planlagt å nå dei måla som er sette for IKT-satsinga på skulane.

Opplæringssjefen uttrykte skepsis til departementet og utdanningskontoret sin ”Pilot-strategi” som fører til at nokre skolar får utviklingsmidlar både frå staten og kommunen, medan fleirtalet ikkje får noko fordi alt er gått med til ”prosjektskolane”.

Vaksenopplæringa

Det blei ikkje tid til fordjuping om vaksenopplæringa denne gongen. Det blei likevel framheva at vaksenopplæringa i Sandnes fungerer godt, men at dei slit med därlege lokalitetar og med stor spreiing av verksemda.

Kommunen manglar framleis eigen plan for vaksenopplæring. Utdanningsdirektøren minner om at kommunane er lovpålagde å ha ein plan for vaksenopplæring, anten som eigen plan eller som del av anna planverk. Etter vår vurdering kan slike planar utviklast i samarbeid med næringsliv, fagforeiningar, lag og organisasjonar med tanke på å setje langsiktige mål for vaksenopplæringa som både tek omsyn til næringsutvikling og arbeidslivet sine behov og til ønskje og behov hos den enkelte vaksne. Slik kan det handlingsrommet som kompetansereforma gir, utnyttast til beste både for dei vaksne som treng etter- eller vidareutdanning, for kommunen og for næringslivet.

Foreldre- og elevmedverknad

FAU-leiaren orienterte om at dei har sett i gang arbeid med ny FAU-ordning ved Skeiene ungdomsskole. Dei har mellom anna sett ned ei styringsgruppe og fire arbeidsgrupper. Ein har vore på besøk på Harestad skole i Randaberg kommune for å få del i dei erfaringane dei har gjort der. Rektor og FAU-leiar har sett i gang natteravn-ordning i bydelen, og det er gjennomført ei trivselsundersøking blant elevane. Skolen har mellom anna nytta klassekontaktar og FAU-medlemmer som vaktar under tentamen ved skolen. FAU-leiaren framheva at arbeidet med trivsel og tryggleik truleg er noko av det mest vesentlege i skolen. Rektor slutta seg til dette og peikte på at skolen legg mykje arbeid i å læra elevane sosial dugleik.

Elevrådsleiaren orienterte om elevrådsarbeidet på skolen. Mellom anna har elevrådet utarbeidd ei spørjeundersøking om arbeidsformer, undervisninga og tidsbruk (som alle elevane ved skolen skal ta del i). Det gjekk også fram at elevrådet arbeider med ein aksjon ”Hei” for å hjelpe gatebarn i Brasil. Ein har til dømes dette året fått inn 118.000 kroner til dette arbeidet. Skolen held kontakt med ein barneheim. Elevrådsleiaren orienterte også om at elevrådet har søkt formannskapet om løyve til kantinedrift i to rom på skolen. Romma var tidlegare sykkelskur og skulle rivast, men elevane vann fram og har no fått råderetten over dei.

Elevrådet har også gått i bresjen for å få eigne elevskap til skolen. Arbeidet har lukkast, og det er no gitt pengar til slike elevskap ved Øygard og Skeiene skolar som ei prøveordning.

Elevrådsleiaren var positiv til den ordninga som er tatt i bruk for 8. klassane ved skolen (etter Navestad-modellen), som inneber meir ansvar for den enkelte eleven og mellom anna gir høve til avspaseringsordningar. Han ville gjerne hatt prøveordning med fast arbeidstid for elevane, til dømes frå 0800 til 1600, og at elevane til liks med mange andre ”arbeidstakrar” er frie etterpå.

Det gjekk elles fram at ein ved Skeiene skole har ei ordning der dei to undervisningsinspektørane er kontaktlærarar for elevrådet, og at dette lettar kontakten mellom leiinga ved skolen og elevane.

Det er utdanningsdirektøren sitt syn at elevane representerer ein kjemperessurs som i alt for liten grad blir utnytta i skolen. Eksempla frå Skeiene ungdomsskole støtter opp under dette synet. Ein av hovudutfordringane for skolen framover er å involvere elevane meir i den daglege skoledrifta slik at ein kan få tatt i bruk den ressursen elevane representerer.

Tilpassa opplæring, spesialundervisning og PPT

Opplæringssjefen gjorde greie for at skolane får ressursar til tilpassa opplæring og spesialundervisning etter ein modell der klasseressurs og basisressurs er fast og utgjer om lag 60 %. Elevressursen utgjer 15 %, og det er sett av 25 % til særskilte hjelpetiltak. Han uttrykte bekymring for at talet på elevar som får tilrådd full dekning, er kraftig aukande. PP-leiaren utdjupa dette med opplysningar om stor auke i tilvisingar til PPT. Ho orienterte om at PPT no er komne godt i gang med å hjelpe skolane med sakkunnearbeidet, men ho la til at PPT ikkje ønskjer å gi tilrådingar om konkrete timetal.

Utdanningskontoret gjorde det klart at intensjonen i lova faktisk er at PP-tenesta skal ha såpass god innsikt i situasjonen i den enkelte klassen og den enkelte eleven som treng særskilt hjelp, at tenesta kan gje tilrådingar om omfanget av hjelp til den enkelte eleven. Det skal likevel ikkje vere einsidig fokusering på timetalet. (Sjå også det nye rettleatingsheftet frå departementet om dette).

Det gjekk fram at PP-tenesta f.o.m. år 2000 er organisatorisk plassert som stabsavdeling i sentraladministrasjonen, og ikkje lenger sorterer under opplæringsavdelinga. Her ligg det etter utdanningsdirektøren si vurdering ei rekke utfordringar som kommunen må finne løysningar på, og som utdanningsdirektøren vil følgje med i. Vi registererer at PP-tenesta i Sandnes, i tillegg til dei 2 statlege stillingane, har fått auka bemanninga med ei stilling for å kunne ta unna for den store auken i tilmeldingar. Vi ventar at denne bemanningsauken mellom anna vil gi dei PP-tilsette betre tid til sakkunnearbeid og tilrådingar i samband med enkeltvedtak om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp, og til å hjelpe skolane med utarbeiding av individuelle opplæringsplanar.

Det er utdanningsdirektøren si oppleving som statleg klageinstans mellom anna innanfor spesialundervisningsområdet, at kommunen har eit forbettingsområde når det gjeld formell saksbehandling og forvaltning. Vi deler opplæringssjefen si vurdering av at det er behov for skolering av rektorane på dette området.

Vi fekk også ei kort orientering om korleis PP-tenesta nyttar dei 2 statlege stillingane kontoret blei tilført hausten –99 i samband med overføring av oppgåver frå statlege kompetansesentra

til lokale/regionale tenesteområde. Det gjekk fram at ein i Sandnes har hatt vanskar med å få tilsett og behalde kvalifisert personell i desse stillingane.

Utdanningskontoret spurde etter om ein i Sandnes opplever problematikk rundt spesialpedagogisk hjelp til førskolebarn i barnehage og fritak for foreldrebetaling, men det kom fram at dette ikkje er noko problem i Sandnes.

Utdanningsdirektøren trekte også fram utfordringa i regionen med å få til eit fleirkommunalt tilbod til høyrslhemma grunnskoleelevar. Vi opplever det positivt at saka er ferdigbehandla i Sandnes (med positivt resultat).

Skolevurdering

Sandnes kommune har sidan 1997 lagt ned mykje arbeid i å utvikle kriterie til bruk i vurderinga av kvaliteten i grunnskolen. Det er nå utvikla verktøy både for barneskolane og ungdomsskolane.

Planane om trivselsundersøkingar blant elevane, der ein særleg vil sjå på arbeidsformer, undervisning og tidsbruk, vil truleg vere eit godt instrument i skolen si vurdering av læringsmiljøet ved skolen.

Vi merkte oss elles at elevrepresentanten som tok del i møtet på ungdomsskolen, var generelt positiv til skolen, men kanskje særleg til at det blei tatt i bruk nye arbeidsformer med større valfridom for elevane og høve til fleksitidsordningar.

Musikk- og kulturskoletilbodet

Musikkskolen i Sandnes har solide tradisjonar å byggje på. Når musikkskolen etter kvart er blitt musikk- og kulturskole, vil kommunen vere oppteken av at samarbeidet med barnehagane, dei kommunale grunnskolane, skolefritidsordningane og med Lundehaugen skole skal utviklast vidare. Tilboden ved skolen er førebels musikk, dans og drama.

ØKONOMI OG FORVALTNING

Kommunaldirektøren gjorde greie for utviklinga av økonomi- og ressurssituasjonen for kommunen og for skolesektoren. Ho viste til høg vekstakt og til at utgiftene kjem før inntektene. Budsjettet gir lite slingringsmon. Rekneskapstala viser at nærmere 83 % av driftsutgiftene til opplæringsavdelinga går med til lønn, og at det blir lite att til å oppfylle måla i L-97 når det gjeld andre driftsutgifter. Dette går også fram av skolane sine årsrapportar. Men etatane har i følgje kommunaldirektøren tatt utfordringa og gjort ein kjempejobb når det gjeld økonomistyringa. Kommunaldirektøren viste også til at Sandnes er den av ASSS-kommunane (eit utval av samanliknbare storbykommunar) som har lågast inntekt pr. innbyggjar.

Prognosane fortel om ein forventa sterk auke i folketalet, særleg frå 2005, om jamn auke i kommunen si lånegjeld til investeringar og om aukande ressursbehov til spesialundervisning og tilpassa opplæring.

Det blei orientert om at kommunen har arbeid i gang med å auke kompetansen hos rektorane når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Dette heng saman med at rektorane får utvida ansvar og fridom på desse områda. Det same behovet vil det etter utdanningsdirektøren si vurdering vere når det gjeld klagebehandling og kunnskapar innan forvaltning – etter kvart som ansvaret for å fatte enkeltvedtak blir lagt til rektornivået.

GSI-tala for 2000/2001 viser mellom anna at Sandnes har hatt ein auke på 11 klassar i grunnskolen på 2 år. Gjennomsnittleg elevtal pr. klasse er stabilt og ligg litt over snittet for landet og fylket. Når det gjeld elevar som får tildelt spesialundervisning ved enkeltvedtak, viser GSI-tala at 5,2 % av elevane i Sandnes fekk slik hjelp i 2000/2001 medan tilsvarende tal i til dømes 1998/99 var 4,5 %. Til samanlikning er snitt-tala for landet og fylket i 2000/2001 6,13 % og 5,25 %. I samla ressursmengd til spesialundervisning og tilpassa opplæring (rekna som prosent av minstetimetalet) ligg Sandnes om lag på gjennomsnittet for landet og fylket. Vi viser her til Tilstandsrapport for utdanningssektoren i Rogaland 2000/2001.

Skoleanlegg

Kommunen har utarbeidd eit revidert skolebyggprogram for perioden 2000-2004. Det vil i denne perioden bli bygd ny skole på Smeaheia samt nye skolar i Ganddal og på Hana.

Det blei orientert om at kommunen i førre 4-årsperioden har bygd og renoveret skolar for om lag 400 millionar kroner, og at det i inneverande periode er rekna med om lag det same.

Det blei vidare orientert om at ein ved budsjetteringa av nye skolar passar på at ressursar til læremidlar, inventar og utstyr ”står på eigne bein” - slik at dei er sikra sjølv om byggerekneskapane totalt vert sprengde.

Alle skolane i Sandnes er godkjende i samsvar med ”Forskrift om miljøretta helsevern i skoler og barnehager” – med ein del merknader (gitt av kommunen sjølv) om utbetingar som må gjerast og om når dette skal skje. Til dømes skal inneklimaet på Øygard skole utbetrast for om lag 28 millionar og Aspervika for 10 millionar før desse skolane er endeleg godkjende. (Skeiene skole blei rehabiliter i 1995).

Utdanningsdirektøren peikte på at reformene i skolen, mellom anna med vektlegging av nye arbeidsformer, krev andre arealnormer enn ein la til grunn tidlegare. Han framheva at det er særskilt viktig å ta omsyn til dette ved planlegginga av nye bygg og rehabilitering av gamle, slik at ein bygger skolar for framtida. Til dømes må ein ta omsyn til at PC’ar i klasse- og grupperomma krev ekstra areal.

UTVIKLINGSOMRÅDE FOR KOMMUNEN

Kommunen må prioritere arbeidet med utarbeiding av ein vaksenopplæringsplan, jf. § 5 i Vaksenopplæringslova. (Vi viser til kommentarane under *Vaksenopplæring*).

Det ligg også ei utfordring i arbeidet med overgangen mellom ungdomsskolen og vidaregåande skole. Fleire former for samarbeid bør kunne etablerast, til dømes hospiteringsordningar for lærarar i dei to skoleslagene.

Vi sluttar oss til kommunen sine eigne vurderingar om at det er mykje ugjort når det gjeld å involvere elevar og føresette meir i utviklinga av skolekvardagen – kanskje særleg på ungdomsseget.

Når det gjeld spesialundervisning er det utdanningsdirektøren sitt syn at den kommunale saksbehandlinga i høve til enkeltvedtak endå kan betrast. Vi viser til kapitlet om spesialundervisning i opplæringslova, rettleiingsheftet frå KUF og til dei særskilte tilbakemeldingane frå utdanningskontoret etter klagebehandlinga kvart år.

AVSLUTTANDE MERKNADER

Utdanningsdirektøren opplevde besøket og orienteringane/samtalane som interessante.

Vi registererer at Sandnes kommune satsar offensivt på skolebygg; både nye skolar og rehabilitering av dei eldre.

Vi registererer vidare at det er sett i gang ein del interessant fagleg utviklingsarbeid, både innanfor gjeldande rammer og som forsøksordningar.

Inntrykket vårt er at samarbeidet mellom politisk utval, skolekontoret og PP-tenesta i Sandnes har funne ei god form.

Vi takkar administrativ og politisk leiing av skoleverksemda i Sandnes og leiinga ved Skeiene ungdomsskole for førebuing og gjennomføring av eit interessant program.

Stavanger 07.11.01

Sigmund Sunnanå
utdanningsdirektør

Audun Gjerde